

Rødekors-øving



Lagleiar Erik Andersen frå Røde Kors Laksevåg Hjelpkorps syner Sara Leksen (f.v.), Remi Vandermir, Tom Lepsøe og Ina B. Michelsen kvar dei skal leita.

Falskt blod, ekte tårer

Os Røde kors hadde øving saman med hjelpekorpsset frå Laksevåg i helga. Blodet var falskt, men adrenalin-kicket, pulsen og tårene var ekte.

Øystein Lid
ol@osogfusa.no

Sjå det føre deg: To 10 år gamle gutar forsvinn etter eit overnattingsbesøk i Varåsen. Det er midt på vinteren, tett snøvær og kaldt. Politiet får meldinga på laurdagsfremiddag og set i gang leiteaksjon. Snart er også Røde Kors på pletten. Ein journalist frå «Os og Fusaposten» som tilfeldigvis er i nærleiken ser manngarden og slår fylgje.

Stadig ny info

Det sprakar i VHF-radioen, og beskjed om at gutane er observert i nærleiken av Os vidaregåande skule kjem inn. Røde kors-gjengen er fyrst på staden og tek ei kjapp gjennomleiting.

– Me deler oss opp, men ingen går åleine, seier lagleiar Erik Andersen. Han har teke med seg ein gjeng frå Laksevåg Hjelpkorps, men også nokre lokale røde kors-folk har duk-

ka opp, med Kjetil Hegglid i leiinga.

Etter ei resultatlaus gjennomlysning av skuleområdet, kjem ei ny melding om at det har skjedd ei ulukke inne på skulen. Kva som har skjedd, eller kor mange som er skadde, er ikkje kjent, men sju personar skal vera involverte.

Det vanskelegaste som finst

– Det er noko av det vanskelegaste som finst å gjennomlysja ein bygning på denne storleiken, seier koordinator Einar Ananiassen, – Spesielt dersom ein leitar etter nokon som ikkje vil bli funne.

Dei to gutane er framleis forsvunne, men må venta ei stund. Nett no er det ei ulukke av ukjent omfang som krev konsentrasjonen. Det er ein svært uoversiktleg situasjon som møter lagleiar Andersen og osingane Sara Leksen og Tom Lepsøe



Leiaren for Os hjelpekorps, Kjetil Hegglid (t.v) saman med leiarane Christer Berg Johannesen og Einar Ananiassen frå Laksevåg.

inne på skulen. Hjelpemannskapet anar ikkje kva som vil møta dei.

Ei forvirra og hissig dame

må fyrst takast hand om. Ho kan ikkje gjera greie for seg, eller kva som har hendt, og det krevst store ressursar å hand-

tera ho. Samtidig skal lagleiareren prøva å få ei oversikt over bygningen, og fortast mogleg finna og gi fyrstehjelp til dei

” Han har ein kniv!

Remi Vandemir



Tarjei Mikkelsen spelte rolla som skadd svært truverdig.



Fyrstehjelp til Tarjei Mikkelsen.

som måtte vera skadde.

Ei bjørneteneste

– Dette går ikkje raskt nok, seier snart ein av koordinatorene, *Christer Berg Johannesen*, til dei andre i leiarteamet. Tempoet vert skrudd opp. Ei ny dame som verkar omtåka, men elles i fin form vert funnen. Ho tek til å skapa trøbbel. For samtidig med at bygningen sakte vert saumfart, vil dama også vera med å leita etter sine forsvunne kameratar. Resultatet er mykje ekstraarbeid for leitemannskapet.

– Det skjer stundom i slike situasjonar at personar som er råka av ulukka vil vera med å leita. Utan å skjønna at dei sjølve kan vera i ein dårleg forfatning, og berre går i vegen, seier *Ananiassen*.

Resultatet er at tre personar på nytt må finna dama, og med makt ta ho tilbake til den midlertidige sjukestova som er oppretta i foajeen.

Det står om livet

Mykje tid er no tapt, og det går nesten ein time før den hardast skadde personen vert funnen i kjellaren. Han har mist mykje blod, og det ser ut til å stå om livet. *Remi Vandemir* og *Ina B. Michelsen* er fyrst på staden.

– Han har ein kniv! ropar *Vandemir*, og trekkjer seg tilbake. *Ina* spør den skadde om han kan kasta bort kniven, slik at dei kan koma og hjelpa han. Dette gjer han, og dei to set i gang fyrstehjelp. Fyrst ved å binda eit stramt tau over armen for å stoppa blodet noko.

Ei bære vert skaffa, men den



Remi Vandemir og Ina B. Michelsen leitar etter dei to forsvunne gutane i rommet der gutane er, utan å finna dei.

skadde får eit anfall av despresjon og må bindast fast. Samtidig har ein av venene til den skadde teke seg ned i kjellaren, og må haldast fast av ei politikkvinne som er komen til staden.

Etter at bygningen er gjennomført og situasjonen er vorte noko meir kontrollerbar, er det einkvan som gjer merkam på at ein journalist har sneike seg med inn under redningsaksjonen. Underteikna vert eskortert ut av lokalet med myndig hand av *Kjetil Heggli*.

Men framleis er dei to forsvunne gutane ikkje dukka opp. Nokon fortel at dei har sett gutane i bygningen, og eit nytt søk vert sett i gang. Men også no utan resultat.

Skodespelet slutt

Fyrst når øvinga er slutt, kjem

“skodespelarane” *Petter Kvamme* (10) og *Irjan Ananiassen Vikre* (10) fram frå sine gøymestader. No kan dei glisa, for dei har på eiga hand greidd å lura heile hjelpemannskapet med å gøyma seg bak eit ventilasjonsrør på loftet til Os vidaregåande skule. Eit rom dei deltakande røde kors-folka har gjennomført.

– Eg er glad når dei som deltek på øvinga gjer noko feil. For då lærer ein kva som er rett å gjera når ulukka verkeleg er ute, seier *Einar Ananiassen*.

Som ved ei reell hending er det også ei debriefing etterpå. Det er ein samtale i gruppa med føremål å redusera faren for psykologisk skade i ettertid.

– Dei som deltek i denne øvinga er så inne i det at for dei er det som om det verkeleg skjer. Difor er debriefinga viktig, seier *Ananiassen*.



Ina B. Michelsen og Remi Vandemir gjennomfører mørke rom med lommelykter.

– Eg byrja å grina då eg låg på båra, seier ein av deltakarane.

Somme av deltakarane merkar altså at kroppen reagerer

som om hendinga hadde vore reell. Dermed er dei betre i stand til å takla ein slik situasjon den gongen det ikkje er på liksom.



Irjan Ananiassen Vikre (t.v.) og Petter Kvamme hadde gøymt seg så godt at dei til slutt måtte koma fram.